

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310
5020 Bergen**Dykkar ref.****Vår ref.**
2008/503 - 0 -
30513/2011**Arkivkode:**
107/11**Sakshandsamar:**

Knut Bjørnevoll

Telefon

56375000

Dato:

27.12.2011

Klagesak til handsaming:
Klage på løyve til tiltak: Nybygg firemannsbustad
Tiltakshavar: Geir Arne Svåsand - gbnr 107/11 Kolås
Klagar: Advokatfirmaet Kyrre ANS pva naboar

Samandrag:

- 2008 - 2010 Søknad om løyve til tiltak PBL - naboprotest
Godkjent avkjørsle og dispensasjon etter veglova
Grensetvist - jordskiftesak
- 2011: 14.03 Rammeløyve, etter fullmakt, firemannsbustad i uregulert bustadområde.
05.05. Klage frå naboar v/advokatfirmaet Kyrre ANS
01.06 PM-utvalet – utsett
24.08 PM synfaring – klagen teken til følgje
05.10 Klage frå tiltakshavar v/advokat Ivar Winjum
02.11 PM – utsett (nytt utval etter kommunevalet)
14.12 PM – ny synfaring – opphevar vedtaket sitt, tek ikkje naboklage til følgje.

Administrasjonen gav den 14.03.2011 løyve til bygging av firemannsbustad i uregulert byggeområde for bustad. 3 naboar/gjenbuarar klaga ved hjelp av advokatfirmaet Kyrre ANS.

Plan- og miljøutvalet tok klagen til følgje i sitt vedtak 24.08.2011, og oppheva adminiistrasjonen sitt vedtak, utan grunngjeving. Tiltakshavar sin advokat, Ivar Winjum, klaga på dette vedtaket.

Plan- og miljøutvalet oppheva den 14.12.2011 sitt første (ugyldige) vedtak og tok i det nye vedtaket ikkje naboklagen til følgje. Då var vi tilbake til utgangspunktet: At Svåsand har eit godkjent rammeløyve som er påklaga, og som plan- og miljøutvalet skulle klagehandsama.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet – 24.08.2011

"Klagen vert teken til følgje."

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2011

"Plan- og miljøutvalet viser til rådmannen si vurdering nedanfor og opphevar vedtaket sitt i sak 138/11 frå møte 24.08.2011.

1. *Administrasjonen har gjort vedtak etter fullmakt, og plan- og miljøutvalet stadfester avgjerda om å gjera unntak frå krav om reguleringsplan med heimel i pbl § 20-1 og arealdelen til kommuneplanen § 2.1.*

Klagen frå advokatfirmaet Kyrre ANS vert ikkje teken til følgje.

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering, og kan ikkje ut frå klagen framsett i brev datert 05.04.2011, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i delegert sak

datert 14.03.2011.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Klagen fører til utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42, slik at bygging ikkje kan starta før fylkesmannen har avgjort saka."

Konklusjon:

1. PM-utvalet har oppheva sitt vedtak, som ikkje var grunngjeve. Det nullstiller saka i forhold til første klagehandsaming
2. PM-utvalet tek ikkje naboklagen til følgje og administrasjonen sitt vedtak vert oppretthalde. Saka går til fylkesmannen til avgjerd.
3. Dei vedtak som er gjort har vore klagevurdert av partane sine advokatar. Saka bør såleis vera tilstrekkeleg opplyst til å verta slutthandsama av fylkesmannen, jf det siste skrivet frå advokatfirmaet Kyrre ANS .

Dette skrivet går også som orientering til partane. Vi vil opplysa om at fylkesmannen for tida har ei handsamingstid på om lag fire månader.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Advokat Ivar Winjum	Postboks 344	5804	BERGEN
Advokatfirmaet v/Eivind Pundsnes	PB 953 Sentrum	5808	BERGEN
Geir Arne Svåsand		5285	Bruvik
Kaland Trelast AS		5953	Fonnes
Kjell Ove Viken og Anne-Berit Hjorth Viken	Kolåsvegen 143	5955	Lindås

Vedlegg:

- Oversiktskart
- Utsnitt av kommuneplan av 13.03.2003 med føresegner
- Søknad om rammeløyve motteken 03.03.2008
- Teikningar mottekne 30.06.2008/30.10.2008 og 3D-illustrasjonar
- Nabomerknad til byggesak 10.03.2008 og 16.08.2008
- Svar på merknad frå Kaland Trelast
- Utskrift av rammeløyve, delegert sak 14.03.2011
- Klage på rammeløyve frå Kyrre ANS, datert 05.04.2011
- Kommentar til klage datert 14.04.2011
- Utskrift av, PM-sak 24.08.2011
- Klage på PM sitt vedtak frå advokat Ivar Winjum, datert 05.10.2011
- Advokatfirma Kyrre ANS sin kommentar tll Winjum sin klage 31.10.2011
- Utskrift av, PM-sak 14.12.2011
- Advokatfirma Kyrre ANS sin kommentar datert 23.12.2011